

FOR GUD

Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilet av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsatilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsatilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.


litt om tema:

LEVANDE

Av og til, i livet for Gud, kan han kjennast fjern. Gud, som vi trudde skulle gjere bestemte ting i livet vårt, gjorde ikkje akkurat det vi hadde tenkt. Så vert vi forvirra. Det er ei vanleg og normal kjensle i det kristne livet. Guds fråvær får oss til å lengte etter Hans nærvær. Men uansett kjensler eller ikkje: Gud ER! Han er levande. I vår forvirring kan vi av og til gjer Gud om til eit intellektuelt konsept, ei nødvendig forankring for moral, positive verdiar eller ideologi for politisk revolusjon.

Men Han er Gud - Han er levande. Difor er å leve for Gud alltid eit liv i relasjon til Han. I bibel og bøn, i måltidsfellesskapet som opnar augo våre for at Jesus lever, i fellesskapet med andre kristne. Joda, vi ber på livets ubesvarte spørsmål, skuffelsar og forhåpningar, men vi får gjere det samstundes som vi erfarer at Gud grip inn, at Han syner seg som levande. Å leve for Gud er å stole på at han har makt til å føre deg fram dit du skal, til dei du skal – for Han lever!

Livet med Han som er....

LEVANDE**Bibel**

Luk 24,13-34

Spørsmål til teksten:

1. Kva er det som endrar seg i haldninga og kjenslene til dei to disiplane gjennom denne teksten? Kva får denne endringa dei til å gjere?
2. Kva konkret var det som fekk «hjarta til å brenne» (sjå v 27 og 32)? Kva fortel dette oss om løfta i det Gamle Testamentet?

**Rausheit**

Takksam deling

Det var måltidsfellesskapet med Jesus som opna auga på disiplane, så dei skjønte kven dei hadde med å gjere.

Kva slags fellesskapsopplevelingar kan du invitere folk inn i, som viser dei at levande tru er noko anna enn berre læresetningar?

**Fellesskap**

Den ærlege samtalen:

1. Opplev du å ha med ein levande Gud å gjere? Har du erfaringar av dette som du kan dele med dei andre?
2. Kjenner du til menneske som viser gjennom livsførselen sin at Gud er levande? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



**FOR
GUD**

MØTEPUNKT B
normisjon
**Misjon**

Gjennom deg og vidare

Oppstoda stod heilt sentralt i det dei første kristne fortalte til andre (som t.d. i 1. Kor 15,3-7), men desse disiplane er lite overbevisande i v. 21-24.

Korleis kan vi fortelje truverdig og godt om oppstoda til nokon som ikkje trur? Prøv gjerne eit lite rollespel i gruppa, så de får testa ut å fortelje om det.

**Bøn**

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at Han ikkje er noko svevande konsept, men ein levande person.
2. Be om nærliek og fellesskap med han, og be om at Anden må få opne auga våre så vi kjenner Han.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å forhalde seg til eller halde fast på den levande Gud.